

# **Temaplan fysisk aktivitet og friluftsliv Gjemnes kommune**

## **2018 - 2021**



## INNHOLD

<b>1. Planføresetnader .....</b>	<b>3</b>
<b>2. Planprosessen .....</b>	<b>3</b>
2.1. Andre kommunale planer/lover/meldingar som er relatert til tema er: .....	4
2.2. Innspel.....	4
<b>3. Utviklingstrekk i kommunen .....</b>	<b>4</b>
3.1. Friluftsliv .....	4
3.2. Kulturaktivitetar.....	4
3.3. Mål for utviklinga .....	5
3.4. Folkehelse.....	5
<b>4. Status - Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet:.....</b>	<b>6</b>
4.1 Generell status.....	6
4.2 Friluftsliv - spesifikk status.....	6
4.3 Anlegg - spesifikk status.....	6
4.4 Samhandling offentlig/frivillig - Spesifikk status.....	6
4.5 Samhandling på tvers innen frivillig sektor - status.....	6
4.6 Kompetanse - trenere og ledere - status.....	6
4.7 Offentlege bidrag i form av rammevilkår & tilrettelegging - status.....	6
<b>5. Resultatvurdering av førre plan.....</b>	<b>7</b>
5.1 Tiltak gjennom aktivitet.....	7
5.2 Anlegg – Utvikle, utnytte og vedlikehald .....	7
5.3 Uprioriterte tiltak som det skal jobbast vidare med i planperioden .....	9
<b>6. Målsetting for kommunen si satsing på friluftsliv og fysisk aktivitet. ....</b>	<b>10</b>
6.1 Turstiar/turvegar i alle bygder .....	10
6.2 Enkle nærmiljøanlegg på naturlege møteplassar .....	10
6.3 Regionale friluftstiltak .....	10
6.4 Rehabilitering og vedlikehald av eksisterande idretts- og friluftsanlegg .....	10
6.5 Universelt utforma friluftstilbod.....	10
6.6 Tiltak gjennom aktivitet.....	10
<b>7. Handlingsplan 2018 – 2021 – Tekstdel.....</b>	<b>12</b>
7.1 Tiltak gjennom aktivit.....	12
7.2. Anlegg - Utvikle, utnytte og vedlikehald .....	12
7.3 Uprioriterte tiltak som det skal jobbast vidare med i planperioden .....	16
<b>8. Handlingsprogram .....</b>	<b>17</b>
<b>9. Temakart .....</b>	<b>19</b>
<b>10. Oversikt over eksisterande anlegg og aktivitetsområder i Gjemnes.....</b>	<b>20</b>



## 1. Planføresetnader

Plana omhandlar heile Gjemnes kommune med eit samla areal på 394 m<sup>2</sup> og eit folketal på ca 2600 personar.

Kommunen har tre barneskular (Angvik, Torvikbukt (privat) og Batnfjord ) og ein ungdomsskule på Batnfjordsøra. I tillegg ligg Høgtun folkehøgskule i Torvikbukt.

I kommunen er det ei rekke tilbod innan idrett og fysisk aktivitet. Mesteparten av tilboda er drive av idrettslag og andre frivillige organisasjoner.

Det var i 2017 registrert 10 idrettslag med total 1205 medlemar. Av desse var 437 under 20 år.

I tillegg driv skulane med friluftsaktivitetar og anna fysisk aktivitet for elevane.

Barnehagane har mykje fysisk aktivitet både ute og inne.

Fysioterapitenesta tilrettelegg og driv fysisk aktivitet for ulike pasientgrupper.

Kommunen er med i partnerskap ”God helse”

Gjemnes kommune er medlem av Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og gjennom denne medlemskapen, får kommunen fagleg hjelp til ei heil rekke friluftsrelaterte tiltak.

Plana byggjer elles på dei same føresetnadane som tidlegare kommunedelplaner for fysisk aktivitet og friluftsliv.

## 2. Planprosessen

Den første kommunedelplana for idrett- og friluftsliv i Gjemnes vart godkjent av kommunestyret i 1994 for perioden 1995 – 98.

I møte den 24.01.2017 gjorde formannskapet vedtak om oppstart med rullering av kommunedelplana for perioden 2017- 2020.

Til dette arbeidet vart følgjande personar vald:

Leif Ståle Engdahl (leiar)  
Øystein Orset (Gjemnes idrettsråd)  
Eline Folden Istad (Gjemnes ungdomsråd)  
Heidi Jordahl (Areal og drift)  
Olav Nilssen (sekretær)  
Elisabeth Edvardsen (Folkehelsekoordinator)

## **2.1. Andre kommunale planer/lover/meldingar som er relatert til tema er:**

- *Kommuneplana*  
Tiltak i denne plana samsvarar med arealdelen i kommuneplana
- *Økonomiplana*  
Tiltak som har økonomiske konsekvensar for kommunen vil bli foreslått rullert inn i kommunen si langsigtige økonomiplan.
- *Lov om folkehelsearbeid*  
«Folkehelselova» understrekar behovet for å prioritere førebyggande helsearbeid. Fysisk aktivitet er viktig i denne samanhengen. Målsetting og tiltak i denne plana byggjer i stor grad på desse premissa.
- *Melding til Stortinget St.18 2015 – 2016 - Friluftsliv*
- *Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)*
- *Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)*

## **2.2. Innspel**

Arbeidet med rulleringa vart kunngjort gjennom annonse på kommunen sine heimesider, gjennom kunngjering i GjemnesNytt. I tillegg vart lag og organisasjonar i Gjemnes invitert til framtidskveld 3. november 2016

I tillegg til dei innspel som kom fram på framtidskvelden, har vi fått innspel gjennom høyringsrundar på plana. Desse er vurdert og tatt omsyn til ved utarbeiding av endeleg planutkast.

# **3. Utviklingstrekk i kommunen**

I kommuneplana sin tekstdel står følgjande:

## **3.1. Friluftsliv**

*Gjemnes kommune sitt friluftsområde er attraktivt og tilgjengeleg. I all kommunal arealplanlegging skal ein ta omsyn til friluftsinteressene. Både vår langstrakte kystlinje, våre lokale nærmiljø og våre store fjell og skogsområder er mykje nytta både av kommunen sine eigne innbyggjarar og folk utanfrå. Kommunen har eit ansvar for å sikre at dette også i framtida blir tilgjengeleg for alle.*

## **3.2. Kulturaktivitetar**

*Gjemnes kommune har rike tradisjonar med omsyn til frivillig kulturarbeid. Både innan idrett, musikk og anna frivillig kultur- og ungdomsarbeid er mangfaldet stort. Det vil vere svært viktig, og ei stor utfordring å støtte opp om og ta vare på dette også i framtida. Det frivillige kulturlivet har eit ansvar for at alle grupper i lokalsamfunnet blir integrert og får ta del i dei aktivitetane og tilboda som organisasjonane driv. Det skjer gjennom direkte driftsstøtte, opplæringstiltak, samordning og samarbeid om trenrarar, dirigentar, instruktørar o.l. Det frivillige kulturlivet treng gode og tilpassa arena for sin aktivitet. Gjennom samordning, informasjon og støttetiltak, må kommunen hjelpe til med dette.*

### **3.3. Mål for utviklinga.**

- *Samarbeid om ei mest muleg variert tilbod for dei som veks opp med koordinering av tiltaka innafor dei ulike tenestene.*

### **3.4. Folkehelse**

Lov om folkehelsearbeid vart satt i kraft 01.01.12 og føreset at kommunen skal legge til rette for, og fremme befolkninga sin helse og trivsel samt bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og redusere faktorar som har negativ innverknad på helsa (jf. Folkehelseloven §3). I idrettsmeldinga (Mld.St.26) blir det pekt på at friluftsliv og eigenorganisert aktivitet er dei klart viktigaste arenaene for fysisk aktivitet for vaksne. I tillegg viser undersøkingar at dei som har friluftsanlegg innan 500 m frå egen bustad, er meir fysisk aktiv enn dei som bur lengre unna. Dette viser tydeleg at for å nå flest råd må vi satse på anlegg innanfor friluftsliv, og på anlegg i nærleiken av der folk bur. For at tilboda skal nå ut til heile befolkninga bør anlegga være universelt utforma i den grad dette er råd å få til. Friluftslivsanlegga må være godt merket, og det må også være gode parkeringstilhøve.

For barn og unge er idretten den viktigaste arenaen for fysisk aktivitet, og her må kommunen bidra til vedlikehald av idrettsanlegg og utdanning av gode trenarar for å oppretthalde og vidareutvikle tilboden om organisert aktivitet. I ungdomsalderen minkar deltaking i idrettslag, og eigenorganisert aktivitet blir meir nytta. Gode nærmiljøanlegg som er attraktive for barn og unge er viktig for å oppretthalde aktivitet i denne aldersgruppa. Det bør arbeidas med at aktivitetstilboda i kommunen når ut til heile befolkninga, på tvers av sosioøkonomisk status og funksjon.



## **4. Status - Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet:**

### **4.1 Generell status**

- Bra med anlegg, men ein del anlegg forfell.
- For lite tilbod til menneske med ekstra behov (psykisk, fysisk og eldre)
- Gode tilhøve for friluftsliv
- Mykje uorganisert aktivitet.

### **4.2 Friluftsliv- spesifikk status.**

- Gjennom Friluftsrådet og Stikk UT har vi fått rydda og merka mange mil med turløyper i kommunen dei siste åra.
- Mangel på parkeringsplassar, skilting og informasjontavler
- Friluftsområda våre er i svært liten grad lagt til rette med universell utforming.
- Fursetfjellet har potensiale som ikkje er utnytta.
- Stor slitasje på ein del turløyper (StikkUT)
- Betre tilrettelegging for sykkel, barnevogn, m.m.

### **4.3 Anlegg – spesifikk status**

- Det er godt med anlegg for dei mest vanlege idrettane i kommunen,
- Gjemneshallen ber preg av mangel på vedlikehald over mange år, og kan ikkje nyttast som konkurranseanlegg til alle idrettar den er bygd for.
- Ynskje nye typer nærmiljøanlegg.
- Ynskje om meir tilrettelagde turløyper.- Helseløyper og universelt utforma fiskeplassar.

### **4.4 Samhandling offentlig / frivillig - Spesifikk status**

- Godt samarbeid mellom kommunen og det frivillige.
- Mangel på økonomisk støtte til frivillig arbeid frå kommunen

### **4.5 Samhandling på tvers innen frivillig sektor – status**

- Godt samarbeid mellom idrettslaga (ski, friidrett og fotball)
- Bør jobbe for å få til betre samarbeid rundt store arrangement.
- Samarbeid om aktivitetsoversikt for å unngå kollisjonar.

### **4.6 Kompetanse – trenere og ledere – status**

- «Unge» pensjonistar er ein viktig ressurs.
- Flinke leiarar og trenrarar kan bli brukt for mykje og blir utbrent.
- Det må jobbast med rekruttering, særleg hjå ungdom.

### **4.7 Offentlege bidrag i form av rammevilkår & tilrettelegging – status**

- Lite eller ingen bidrag frå det offentlege til drifta, verken av laga eller anlegg.
- Kommunal tilskotsordning til nye anlegg som får spelemidlar.
- Kommunen har sjølv gode anlegg tilrettelagt for innbyggjarane, (gymalar, svømmehall og aktivitetsområder knytt til skulane og barnehagane i kommunen) Sjå merknad for Gjemneshallen under 5.3

## 5. Resultatvurdering av førre plan

### 5.1 Tiltak gjennom aktivitet

- Rekruttering trenarar og leiarar
- Opprette lågterskeltilbod
- Markedsføring av tilbod
- Friluftsliv i skule og barnehage

Det er jamt over god kvalitet på trenarar til dei idrettsaktivitetane vi har i kommunen.

Stikk UT fungerer godt  
Svømmehallen fungerer godt  
Aktiv på dagtid er eit god tilbod, men for lite brukt  
GjemnesNytt og lokale facebooksider fungerer.  
«Aktiv i Gjemnes» er ikkje etablert.  
Koordinering og samkjøring av arrangement er i liten grad gjennomført.  
Fellesmøte mellom kommunen og idrettslaget er gjennomført.

Læring i friluft blir til ein viss grad praktisert i skulane  
Barnehagane er flinke med uteaktivitet.

### 5.2 Anlegg – Utvikle, utnytte og vedlikehald.

#### 5.2.1 Turstiar/vegar i alle bygder.

- Turveg rundt Flemsetervatnet
- Turveg Högset – Ikornneset
- Gangsti/turveg Batnfjord – Bjerkeset
- Sikring av areal for parkering

Vegen har fått kr. 542.000 i spelemidlar. Arbeidet er godt i gang.

Prosjektet vart stoppa p.g.a. konflikt med verneinteresser i området.

Planlegging pågår.  
Vart ikkje prioritert i planperioden.

#### 5.2.2 Enkle nærmiljøanlegg i alle bygder

- Aktivitetsområdet Storlandet grendehus Ferdig
- Nærmiljøanlegg Angvik skule
- Gåshola ved Torvik skule
- Balløkke ved Heggem allaktivitetshus

Arbeidet er starta opp. Men avgrensing i tildelte spelmanidlar har begrensa prosjektet.

Prosjektet er førebels lagt på is.

Anlegget har fått tildelt kr 63.000 i spelemidlar, og er no ferdig.

### **5.2.3. Regionale friluftstiltak**

- Gullruta  
Krevjande prosjekt som tek tid.  
Skiløype mellom Heggem og Oltervatnet er under planlegging.
- Fursetfjellet  
Batnfjord i.l. har bygd skileikanlegg. Andre tiltak har stoppa opp på grunn av finansiering.

### **5.2.4. Rehabilitering og vedlikehald av eksisterande idretts- og friluftsanlegg.**

- Kommunale anlegg  
Golv i gymsalen i samfunnshuset er oppgradert.  
Gjemneshallen har fortsatt stort behov for renovering.
- Anlegg eigm av idrettslaga  
Lysløypa på Osmarka er utbetra fram til Duelva.  
Grusbanen på Batnfjord stadion har fått nytt grusdekke, men blir i svært liten grad brukt til idrett.  
Grasmatta på Øra stadion i Torvikbukt er rehabilert.

### **5.2.5. Nye idrettsanlegg**

Hestesportsbane ved Heggem  
allaktivitetshus

Anlegg har fått tildelt kr 64.000 i spelemedilar og er no ferdig.

### **5.2.6 Universelt utforma turvegar**

- Turveg Batnfjord – Silset  
Prosjektet vart lagt på is i påvente av avklaring med ny europaveg.
- Gangsti/turveg i Angvik  
Turvegen har fått tildelt kr. 365.000,- i spelemedilar og er ferdig.
- Gang og sykkelvegar  
Statens Vegvesen har i perioden bygd ny gang og sykkelveg mellom Silset og Bjerkeset.

### **5.2.7 Kultur og idrettsbygg**

Det bør utarbeidast ein status og tilstandsrapport for alle idretts- og kulturbygg i kommunen.

Dette er ikkje gjort, men bør takast over i ny plan.



*Utsikt frå Holtafjellet*

### **5.3 *Uprioriterte tiltak som det skal jobbast vidare med i planperioden***

- *Nærmiljøanlegg i bygdene elles.*  
Mindre enkle møteplassar blir etablert/bygd utan bruk av spelemidlar eller andre offentlege midlar. Sponsormidlar frå næringslivet er ofte med å realisere denne typen anlegg.
- *Anlegg og arena tilrettelagt særleg for ungdomsrelaterte aktivitetar.*  
Her er ingen ting bygd eller etablert.
- *Turveg langs E39 Astad – Knutset*  
Det står framleis litt att før ein samanhengande turveg er på plass. .
- *Regionalt skianlegg på Osmarka*  
Dette er lagt på is.

### **Konklusjon**

Mange av anlegga er ferdig, men friluftsrelaterte anlegg ser ut til å vere meir krevjande å få gjennomført. Det ser også ut som det er meir krevjande å få til å skape aktivitet. Her ligg utfordringa i den nye planperioden.

## **6. Målsetting for kommunen si satsing på friluftsliv og fysisk aktivitet.**

### **Aktiv kvar dag!**

#### **Hovudmål**

- *Det skal leggast til rette for fysisk aktivitet og naturopplevelser for alle i Gjemnes ut i fra eigne behov og føresetnader. Tenk universell utforming.*
- *Barn og ungdom skal prioriterast.*
- *Gjennom tilrettelegging for aktivitet og utvikling av anlegg, skal Gjemnes kommune være ein interessant kommune å bu og besøke.*

*Målsetjinga skal nåast gjennom følgjande:*

#### **6.1 Turstiatur/turvegar i alle bygder**

- «Nærtur»- Rydding, skilting og merking av turvegar/stiar i tilknyting til bustadklynger.
- Parkeringsplassar.

#### **6.2 Enkle nærmiljøanlegg på naturlege møteplassar**

- Solide anlegg som krev lite vedlikehald og er lett tilgjengeleg.
- Ballbingar
  - Sykkel/skatepark/skileik/leikeplassar

#### **6.3 Regionale friluftstiltak**

- Fursetfjellet - Parkering og trafikksikker passering av europavegen.
- «Gullruta» - Turveg mellom Molde og Nesset gjennom Gjemnes.
- Utvikle Osmarka som vinterutfartsstad og regionalt langrennssportsarena.

#### **6.4 Rehabilitering og vedlikehald av eksisterande idretts- og friluftsanlegg**

- Kommunale anlegg – Gjenneshallen
- Anlegg eigd av idrettslag
- Friluftsanlegg

#### **6.5 Universelt utforma friluftstilbod**


- Turvegar.
- Fiskeplassar

#### **6.6 Tiltak gjennom aktivitet**

- Opprette lågterskel tilbod
- Tettare samarbeid mellom idretten og kommunen med tanke på betre integrering og tilrettelegging.
- Markedsføring av tilbod
- Stikk UT.
- Friluftsliv i skule og barnehage. Samarbeid med friluftsrådet og Høgtun

## **Samandrag av delmåla**

*Undersøkingar viser at for å få så mange som råd i aktivitet, bør det være tilrettelagte områder i nærleiken av der folk bor som innbyr til ein aktiv livsstil. Turstiar og nærmiljøanlegg i alle bygder må prioriterast høgt, saman med oppretting av parkeringsplasser og skilting av turar slik at aktivitetane er lett tilgjengelig og at terskelen for å være i aktivitet blir lågare. Denne type friluftslivtiltak når personar i alle aldrar og gjerne også personar som ikkje er aktive frå før. Enkelte av turar bør være universelt utforma, såkalla helseløyper. Det har oppstått eit stort behov for rehabilitering og vedlikehald av eksisterande anlegg i kommunen. Spesielt gjelder dette for anlegg knytt til fotball og ski. Dette må og prioriteras saman med tiltak retta for å skape og oppretthalde aktivitet, rekruttering og motivasjon for å drive med fysisk aktivitet på alle plan og områder.*



Gode skispor mot Silsetvatnet

## 7. Handlingsplan 2018 – 2021 – Tekstdel

### 7.1 Tiltak gjennom aktivitet

- *Aktivitets- og trenarkurs*  
I regi av Idrettskretsent bør det organiserast kurs, særleg retta mot unge trenarar Sertifisering?
- *Opprette lågterskel tilbod*  
I samarbeid mellom folkehelsekoordinatoren, idrettslaga, pensjonistforeininga bør det leggast til rette og skapast møteplassar for at alle kan få ta del i fysisk aktivitet.
  - Stikk UT
  - Tur og trim arrangement
  - Bruk av svømmehallen
  - Eldretrim
  - Aktiv på dagtid
  - Integrering av våre nye landsmenn.
- *Markedsføring av tilbod*
  - Kommunale og laga sine heimesider må brukast aktivt. Vidare bør alle lag vurdere å etablere sine eigne sider på nettet
  - Bruk idrettsrådet sine facebooksider.
  - Skulane og barnehagane bør utnyttast som informasjonskanalar.
  - Koordinering og samkjøring ved utleige av idrettsanlegg og idrettsbygg. – Nytt dataverktøy.
  - Kommunen, saman med idrettsrådet skal kvar haust ha fellesmøte med alle aktuelle samarbeidspartar. Denne møteplassen bør være open for alle som er interessert i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- *Friluftsliv i skule og barnehage. Samarbeid med friluftsrådet og Høgtun*
  - Arrangere utedagar i barnehagane
  - Opplæring av lærarar i ulike friluftsrelaterte aktivitetar/sikkerhetskurs (Friluftsrådet og Høgtun)
- *Rekruttering av yngre til tillitsverv*
  - «Mentorordning»
  - Personleg kontakt, opplæring

### 7.2 Anlegg – Utvikle, utnytte og vedlikehald.

#### 7.2.1. *Turstiar/turvegar i alle bygder*

- *Turveg Øre – Bakke*  
Øre bygdalag ynskjer å bygge turveg frå Øre kyrkje i retning Bakke. Kvaliteten er ikkje avklart.
- *Turveg Høgset - Ikornneset*  
Det er tankar om å etablere turveg langs sjøen frå den gamle fergjekaia på Høgset til Ikornneset. Grunneigartilhøve og ansvar må avklarast.  
Turvegen vil gå gjennom sårbart og delvis verna område som ein må ta omsyn til. Verneinteressene på avklarast.

- *Gangsti/turveg Batnfjord – Bjerkeset*  
 Det er ein godt etablert aktivitet knytt til tur langs Storelva i Batnfjorden frå sentrum til Indergård gravsted. Batnfjord bygdelag har tatt initiativ til å bygge gangsti/turveg med standard for sykkel og gåande. Så langt det er praktis og økonomisk råd, bør stien ha universell utforming.  
 Det er ynskjeleg at turvegen går til Bjerkeset med vidareføring over elva på hengebru til Gaupset. Den bør knytast saman med setervegane til Silsetfjellet og Bjerkesetsetra. Turvegen kan vidareførast langs andre sida av elva mellom Gaupset og Harstad.
- *Kulturminneløype Torvikbukt – Orsetsetra.*  
 Løypa er prioritert i kommunedelplan for kulturminne og bør også inn i denne plana. Vil krevje enkel tilrettelegging med klopper og grusing samt skilting og informasjonstavler. Det vi også være nødvendig med avtaler med grunneigarar. Løypa vil ikkje få universell utforming.
- *Kyrkjevegen Heggem – Skeidsdalen*  
 Turløypa er foreslått prioritert i kommunedelplana for kulturminne og bør også med i denne plana.  
 Vil krevje enkel tilrettelegging med klopper samt skilting og informasjonstavler, samt avtaler med grunneigarar  
 Løypa vil ikkje få universell utforming.
- *Utbetring av eksisterande skiløyper og turvegar.*  
 Med auka utfart særleg sommartid og i tilknyting til StikkUT løyper, så blir slitasjen stor. Det er behov for klopplegging og enkle bruver over bekkar og grøfter.  
 Med mindre snø vil det også være behov for drenering og bruver for å krysse elver og myrlendte parti på ski. Plana bør være open for å ta inn dei tiltaka som måtte koma i planperioden.
- *Sikring av areal for parkering knytt til utfarts- og friluftsområder i kommunen.*  
 I dei seinare åra har vi opplevd ei stor auke i folk sitt ynskje om å gå på tur. Mange løypetrasear er no godt merka og «Stikk UT» har gjort dette svært populært.  
 Parkeringsplassar og tilkomst over innmark er ei utfordring mange plassar.  
 Aktuelle områder er:
  - Stokke – Stokkdalen/Stokknoken – Parkering er utbygd i privat regi
  - Bergsøya – Varden – Parkering er utbygd i privat regi
  - Silset – vinterparkering
  - Dønnem – Utviding av eksisterande private parkeringsplass.
  - Angvik – Randa og Storfjellet
 Kommunen, saman med lokale bygdalag, velforeningar o.l., bør jobbe for å få på plass langsigktige avtalar eller kjøp av grunn og midlar til opparbeiding av parkeringsplassar knytt til desse utfartsområda.



*Orsetsetra i kveldsol*

### **7.2.2 Enkle nærmiljøanlegg på naturlege møteplassar**

- *Sandvolleyballbane på Bergsøya*  
Bergsøy ungdomslag planlegg bygging av sandvolleyballbane i tilknyting til området ved barnehagen der balløkke/kunstgrasbanen alt er etablert.
- *Nærmiljøanlegg/Med hjerte på tur – Angvik skule og barnehage*  
Nærmiljøanlegget ved Angvik skule bør utvidast og slik at barnehagen som ligg vegg i vegg kan dra nytte av anlegga. I tillegg bør barnehagen få oppgradert sin eige leikeplass i samsvar med intensjonen i prosjektet «Med hjerte på tur».
- *Frisbeegolfbane i Torviktak*  
Torviktak i.l. saman med Høgtun er interessert i etablering av ei slikt anlegg. Plassering rundt Gjenneshallen. For det meste på kommunal grunn.
- *«Gåshålå» ved Torvik skule*  
Området er tenkt lagt til rette med BMX-bane, akebakke, skibakke, pumptrackbane m.m. Torviktak i.l. Tiltaket skal integrerast med frisbeegolfbane i same området.
- *Opprusting av aktivitetsområde ved Flemma grendahus*  
Plassen er ikke oppgradert etter at skulen vart lagt ned. Legg til rette for ønske og behov som bygdesamfunnet ynskjer.

### **7.2.3 Regionale friluftstiltak**

- «*Gullruta*»

Eit av måla er ei samanhengande turløype frå Skaret til Osmarka der deler av traseen blir tilpassa riding, sykkel, medan heile traseen må ha god standard for ski og fotturar.

Prosjektet krev samarbeid og økonomisk støtte frå både frå Gjemnes kommune og nabokommunane (Kristiansund og Molde kommune) og andre finanskjelder, samt lag og organisasjonar som vil etablere aktivitet i området.

- Få på plass avtale i.l. om løypepreparering mellom Heggem og Oltervatnet.
- Parkeringsplass og tilrettelegging for heilårsaktivitet på Fursetfjellet
  - Sykkelloype
  - Aktivitetsanlegg
- Sikker kryssing av E-39 på Fursetfjellet.

### **7.2.4 Rehabilitering og vedlikehald av eksisterande idretts- og friluftsanlegg**

- *Kommunale anlegg*

Kommunen er eigar av dei største og mest kostnadskrevjande anlegga i kommunen (Gjemneshallen, Batnfjord samfunnshus m/svømmehall, anlegg knytt til skulane og barnehagane i kommunen). Mange treng vedlikehald og jamleg tilsyn. Krav til kvalitet og ikkje minst sikkerheit er stor.

- Gjemneshallen er no 30 år gammal og stor og delvis tøff bruk gjer at behovet for renovering er stort. Mellom anna gjeld dette dekket i hallen.

- *Anlegg eigd av idrettslaga*

Det er ikkje registrert behov for rehabilitering av anlegg eigd av idrettslaga no.

### **7.2.5 Nye idrettsanlegg**

- *Kunstgrasbane på Batnfjordsøra*

Batnfjord i.l. ser på behovet for å utvide kapasiteten på kunstgrasbanar.

- *Lager for trakkemaskin og liknande på Fursetfjellet*

For å kunne utføre ein god jobb med preparering av alpinbakke og skiløyper, treng Batnfjord i.l. ein garasje for oppbevaring og vedlikehald på trakkemaskina.

- *Utviding av innandørs skytebane i Gjemneshallen*

Skytesproten ynskjer seg ein større arena for innandørs skyting. Det trengs fleire bana særleg i samband med arrangement. Utbygging vil bli ei stor investering. Kan det være aktuelt med mobilt anlegg som blir montert i hallen ved store arrangement?

- *Lysløype og skiaktivitetsområde på Fursetfjellet*

Batnfjord i.l. ynskjer å etablere ei mindre lysløype og eit aktivitetsområde for ski. Helst knytt til dagens skileik/alpinbakke.

### **7.2.6 Kultur og idrettsbygg**

Det bør utarbeidast ein status og tilstandsrapport for alle idretts- og kulturbrygg i kommunen.

### **7.3 Uprioriterte tiltak som det skal jobbast vidare med i planperioden**

- *Anlegg og arena tilrettelagt særleg for ungdomsrelaterte aktivitetar.*  
Ungdom søker gjerne aktivitetar med spenning og utfordring. Det er eit satsingsområde i denne plana å skape og legge til rette arena for slike aktivitetar.
- *Turveg langs E39 Astad – Knutset*  
I samband med bygging av ny E39 langs Gjemnesstranda blir det også bygd eit skogsbilvegnett oppom den nye vegen. Dette vegnettet heng ikkje heilt saman. Ved å bygge enkel turvegstandard mellom vegane, vil ein få eit samanhengande turveg for gåande, syklande og riding langs heile stranda.
- *Fagerlia skisenter*  
Fagerlia skisenter har investert i betre trakkemaskin. Kommunen avslo søknad om støtte i 2017. Men det burde vore rom for kommunal støtte til skisenteret på Fagerlia.





Kunstgrasbanen på Batnfjordsøra

## 8. Handlingsprogram

### Nærmiljøanlegg

Pr.	Anlegg/tiltak	Ansvar	Invest. kostnader	Drifts- utg.	2018			2019			2020			2021			Sum		
					pr. år	K	SM	PK	K	SM	PK	K	SM	PK	K	SM	PK		
1	Sandvolleyballbane Bergsøya	Bergsøy ungdomslag	525	10	52	263	210											525	
2	Frisbeegolfbane Torvibukt	Torvibukt i.l.	150	10					15	75	60							150	
3	Utviding skileik - Osmarka	Osmarka i.l.	100	10					10	50	40							100	
4	Turveg Øre - Bakke	Øre bygdalag	1200	10								60	300	240	60	300	240	1200	
5	Aktivitetsanlegg Angvik barnehage	Gjemnes kommune/ Angvik bygdalag	200	10					50		150							200	
6	Aktivitetsområde i Flemma	Flemma i.l.	200	10								20	100	80				200	
7	Aktivitetsanlegg Gåshola	Torvibukt i.l.	600	15					90	300	210							600	
					2200	75	52	263	210	150	350	400	80	400	320	60	300	240	2975

K: Kommunale midlar      SM: Spelemidlar

PK: Privat kapital, andre tilskotsmidlar, dugnad m.m.

Ordinære anlegg																			
Pr.	Anlegg/tiltak	Ansvar	Invest. kostnader	Drifts utg.	2018				2019				2020				2021		Sum
					pr. år	K	SM	PK	K	SM	PK	K	SM	PK	K	SM	PK		
	<b>Lokale tiltak</b>																		
1	Turveg Batnfjord/Bjerkeset ( 1. byggetrinn)	Batnfjord bygdelag	1900	10	100	780	380	55		575								1900	
2	Lager for løypemaskin m.m. på Fursetfjellet	Batnfjord i.l.	1500	10				100	500	900								1500	
3	Kunstgrasbane Batnfjordsøra	Batnfjord i.l.	2500	25							70	700	1000	70		660	2500		
4	Rehabilitering av dekke i Gjenneshallen	Gjenneshallen	600	10							400	200						600	
5	Utviding/mobilt skyteanlegg i Gjenneshallen	Batnfjord og Reinsfjell skyttarlag	500	10				50		450								500	
6	Lysløype og aktivitetssområde Fursetfjellet	Batnfjord i.l.	1000	25				70	350	300				280				1000	
7	Turveg Høgset- Ikornnese	Gjenneshallen/ Storlandet og Gjenneshallen bygdalag	2000	10							100	500	400	100	500	400	2000		
8	Fursetfjellet parkeringsplass	Idrettslag/ kommune/ friluftsråd	2000	40						2000								2000	
					<b>12000</b>	<b>130</b>	<b>100</b>	<b>780</b>	<b>380</b>	<b>220</b>	<b>850</b>	<b>3650</b>	<b>570</b>	<b>1400</b>	<b>1680</b>	<b>170</b>	<b>500</b>	<b>1060</b>	<b>12000</b>


## Kommunalt økonomisk engasjement

Tiltak	2018	2019	2020	2021	Merknad
Ordinære anlegg	100	220	570	170	
Nærmiljøanlegg	52	150	80	60	
Drift friluftsliv	50	50	50	50	
	<b>202</b>	<b>420</b>	<b>700</b>	<b>280</b>	

## Fordeling på budsjettområde:

3800 Idrett	100	100	100	100	
3604 Friluftstiltak	40	40	40	40	
	<b>140</b>	<b>140</b>	<b>140</b>	<b>140</b>	
<b>Manglende finansiering</b>	<b>62</b>	<b>280</b>	<b>560</b>	<b>140</b>	

## 9. Temakart



- 1 Badepest, gjestehamm og tursti Ikornneset
2. Badepest - Øre
3. Badepest/Gjestehamm - Astad
4. Badepest - Torvikbukt
5. Badepest - Osen -Forsterlågen
6. Badepest-Storsand Fosterlågen
7. Småbåthamn - Högset

8. Småbåthamn - Øre
9. Småbåthamn - Torvikbukt
10. Småbåthavn - Batnfjord
11. Båtutfartsområde, Bergsøya.
12. Båtutfartsområde- Kvalvåg
13. Turhytte - Silsethytta
14. Turveg - Batnfjordsøra
15. Turveg - Astaddalen


16. Turveg - Osen, Fosterlågen
17. Turveg - Silsetfjellet
18. Turveg - Flemseteratnet
19. Turveg- Åndalsfjella
20. Turveg - Reinsfjellet
21. Turveg /Skiløyper - Fursetfjellet
22. Turveg - Orsetsetra

23. Turveg - Langvassdalen Storfjellet
24. Turveg - Heggem/Duå
25. Turst i Stokkdalen,
26. Turveg Varden,
27. Turveg Flåberget
28. Brettsegling Flemma




## Temakart – nærmiljøanlegg – kommunedelplan for fysisk aktivitet og friluftsliv i Gjemnes

- 1 Bergsøy Barnehage-nærmiljøanlegg
- 2 Torvikbukt skule – balløkke
- 3 Batnfjord skule – aktivitetsområde
- 4 Flemma grendahus – Aktivitetsområde
- 5 Angvik skule – aktivitetsområde
- 6 Batnfjord skule – ballbinge
- 7 Solsida bustadfelt-ballplass
- 8 Heggem – Skileik- og aktivitetsområde
- 9 Ballplass Øre
- 10 Ridebane Batnfjordsøra
- 11 Ridebane Heggem
- 12 Storlandet ungdomshus – aktivitetsområde



## Temakart – Idrettsanlegg kommunedelplan for fysisk aktivitet og friluftsliv i Gjemnes

- 1 Ballplass Bergsøya
- 2 Batnfjord stadion – fotball
- 3 Volleyballbane og ballplass v/Gjemneshallen
- 4 Øra Stadion – Fotball og friidrett
- 5 Grusbane Heggem
- 6 Batnfjord samfunnshus – gynsal og svømmehall
- 7 Høgtun f.h.k. gynsal og klatrevegg
- 8 Heggem allaktivitetshus – gynsal
- 9 Flemma Grendahus – gynsal
- 10 Angvik skule – gynsal
- 11 Angvik kunstgrasbane
- 12 Gjemneshallen – idrettshall
- 13 Lysløype Heggem
- 14 Alpinbakke – Fagerlia
- 15 Lysløype Flemma
- 16 Nordlia Skytebane
- 17 Alpinbakke Fursetfjellet



## 10. Oversikt over eksisterande anlegg og aktivitetsområder i Gjemnes

Type	Kategori	Lokalisering	Eigar-namn	Byggear/sist påbygg/rehabilitert	Bruk	Merknader
Aktivitetsanlegg	Fleirbruksområde	Batnfjord skule	Gjemnes kommune	1965/2001		Oppgradert med Tarzanjungel og klatrejungel
Aktivitetsområde	Fleirbruksområde	Gjemnes skole	Gjemnes kommune	1964/	Ikkje i bruk	Skulen er nedlagt
Aktivitetsområde	Fleirbruksområde	Torvikbukt/ Gjenneshallen	Gjemnes kommune	1968/1999		Kunstgrasbane ferdig 2008,
Aktivitetsområde	Fleirbruk	Flemma grendahus	Gjemnes kommune	1973/2000		
Aktivitetsområde	Fleirbruk	Angvik skule	Gjemnes kommune	1974/1999		Oppgradering 2017
Aktivitetsområde	Friluftsanlegg	Astaddalen	Privat	2000/2002		Naturklatrejungel
Badeplass	Friluftsanlegg	Ikornneset	Staten/ Gjemnes kommune	1993/2016		Tilkomst og gjestebrygge ferdig 2016
Badeplass	Friluftsanlegg	Astad	Privat m/avtale	2001		
Badeplass	Friluftsanlegg	Øre	Øre bygdelag	1980/2002		
Badeplass	Friluftsanlegg	Torvikbukt	Privat	1995		
Badeplass	Friluftsanlegg	Osen/ Fosterlågen	Staten/ Gjemnes kommune	1999/2011		Rehabilitert og utbygd med sandvolleyball-bane m.m. 2011
Badeplass	Friluftsanlegg	Storsanden	Statens skoger	2001		
Ballbinge	fleirbruk	Batnfjord skule	Gjemnes kommune	2001	kvar dag	Bingen blir rehabilitert og flytta 2012
Ballplass	Fleirbruksområde	Solsida boligfelt	Gjemnes kommune	1983/2002		
Ballplass	Grusbane	Heggem	Gjemnes kommune	1984	litt uorg. aktivitet	Ombygd til ball-løkke og ridebane
Ballplass	Fotball	Øre	Øre bygdelag	1980/2002	3 t/veke	Treng vedlikehald - nytt toppdekke
Balløkke	treningsfelt gras	Batnfjord stadion	Batnfjord i.l.	1995	kvar dag sommars tid	
Fotball	Grasbane	Batnfjord stadion	Batnfjord i.l.	1994	10 t/veke	
Fotball	Kunstgrasbane	Angvik skule	Angvik kunstgras bane	2013		
Fotball	Grusbane	Gjenneshallen	Gjemnes kommune	1987	lite bruk	Deler av banen er omdisponert til sandvolleyball-bane og skøytebane for Torvikbukt i.l.
Fotball	Grasbane	Øra stadion	Torvikbukt i.l.	1983	13-14 t/veke	

Type	Kategori	Lokalisering	Eigar-namn	Byggear/sist påbygg/rehabilitert	Bruk	Merknader
Fotball	Grusbane	Angvik	Angvik i.l.		Lite bruk	Er lagt ned og seld til fordel for bygging av kunstgrasbane ved Angvik skulen. Er no bygd om til ridebane
Fotball	Grusbane	Flemma	Flemma i.l.	1950/1999	6-10 t/veke	
Friidrett	Delanlegg	Batnfjord stadion	Batnfjord i.l.	1994	lite brukt	
Friidrett	Fleirbruks anlegg	Øra stadion	Torvikbukt i.l.	1983/2002	2 t/veke	
Gymnastikksal	Fleirbrukshall	Batnfjord samfunnshus	Gjemnes kommune	1974/2002	35 t/veke	
Gymsal	Fleirbruk m/klatrevegg	Høgtun	Høgtun folkehøgskole			
Gymsal	fleirbruk	Heggem	Heggem allaktivitethus	1995	kvar veke i vinterhalvåret	
Gymsal	Fleirbruk	Flemma	Flemma grændahus	1973	kvar veke i vinterhalvåret	
Gymsal	Fleirbruk	Angvik skule	Gjemnes kommune	1974		
Hestebane	Riding /Hestesport	Batnfjordsøra	Gjemnes hestesportsklubb	2000	Lite bruk	
Idrettshall	Fleirbruk	Gjenneshallen	Gjemnes kommune	1987	15-20 t/veke	Bygd klatrevegg i 2007. Treng vedlikehald og rehabilitering.
Klubbhus	Støtteanlegg	Batnfjord stadion	Batnfjord i.l.	1999	mykje brukt	
Klubbhus	Støtteanlegg	Øra stadion	Torvikbukt i.l.	1985	2 t/veke	
Klubbhus	Støtteanlegg	Nordlia	Reinsfjell skyttarlag	1997/2002	mykje brukt	
Skianlegg	Lysløype	Solsida	Batnfjord i.l.	1982	lite brukt	Treng rydding/grøfting nye lys
Skianlegg	Hoppbakke m/lys	Solsida	Batnfjord i.l.	1982	Ikkje i bruk	Treng rydding
Skianlegg	Hoppbakke m/lys	Myrabakken	Batnfjord i.l.	1991	ikkje i bruk	Vurdere nedlegging!
Skianlegg	Hoppbakke	Vollabakken	Torvikbukt i.l.	?	ikkje i bruk	Stettar ikkje krava som hoppbakke
Skianlegg	Lysløype	Heggem	Osmarka i.l.		Mykje brukt	Rehabilitert 2009
Skileikanlegg	m/lys	Heggem	Osmarka i.l.	2009	Mykje brukt	
Skianlegg	Alpinbakke m/lys	Fagerlia	Sameige	1983	bra bruks-frekvens	?

Type	Kategori	Lokalisering	Eigar-namn	Byggeår/ sist påbygg/ rehabilitert	Bruk	Merknader
Skianlegg	Lysløype	Flemma	Flemma i.l.	1975	1 g/veke + +	
Skytebane	Skyteanlegg inne	Gjenneshallen	Gjemnes kommune	1987	1-2 g/veke vinterstid	Elektroniske skiver
Skytebane	Skyteanlegg	Nordlia skytebane	Reinsfjell skyttarlag	1994/2002	Kvar veke Sommars-tid	Elektroniske skiver
Småbåthamn	Støtteanlegg/	Høgset	Privat	1995		
Småbåthamn	Støtteanlegg/ Gjestebrygge	Øre	Øre småbåttag	1992		Har gjestebrygge
Småbåthamn	Gjestebrygge	Astad	Kommunen/p rivat	2005	Sommar halvåret	
Småbåthamn	Støtteanlegg/ Gjestebrygge	Torvikbukt	Torvik småbåttag	1994		Har gjestebrygge
Småbåthamn	Støtteanlegg/ Gjestebrygge	Batnfjordsøra	Batnfjord småbåttag	2012		Gjestebrygge?
Svømmebasseng	Spesialanlegg	Batnfjord samfunnshus	Gjemnes kommune	1974/2002	40 t/veke	
Turhytte	Friluftsanlegg/ Støtteanlegg	Silsethytta	Kristiansund i.f.	1911/2002	Heie året	
Turveg	Friluftsanlegg	Batnfjordsøra	Gjemnes kommune	1995		
Turveg	Friluftsanlegg	Astaddalen	Privat m/avtale	2000		Vidare utbygging aktuelt
Turveg/badeplass	Friluftsanlegg	Fosterlägen/ Osen	Gjemnes kommune	1999		
Turveg	Friluftsanlegg	Silsetvatnet rundt	Privat	1990		
Turveg	Friluftsanlegg (Kyrkjevegen)	Heggem/Duålia/Larssetra	Privat	1994		Treng noko vedlikehald og ny merking
Turveg	Friluftsanlegg	Flemseter vatnet	Privat			Ny turveg er under arbeid.
Turveg	Friluftsanlegg	Åndalsetra	Privat			
Turveg	Friluftsanlegg	Orsetsetra	Privat			
Turveg	Friluftsanlegg	Reinsfjellet	Televerket?			
Turvegar	Friluftsanlegg	Sjå Morotur/Stikk UT				
Turveg/skiløyper	Friluftsanlegg	Fursetfjellet	Staten/ Privat			Oppkjørte skiløyper
Turveg/skiløyper	Friluftsanlegg	Langvassdalen	Privat			
Turveg/skiløyper	Friluftsanlegg	Osmarka	Privat			Oppkjørte skiløyper
Volleyball	Sandvolleyball	Torvikbukt	Torvikbukt i.l.	2011		
Volleyball	Sandvolleyball	Høgtun	Høgtun folkehøgskule	1997		
Trialbane	spesialanlegg	Øre prestegard	Privat	1985/		Ikkje i bruk